



# Møtebok

Sak nr 32/2009

Møtedato: 15.6.09

Møtestad: Vaset

Arkiv nr:

## Jaktordning

Frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har fjellstyret fått slik brev datert 29.5.09:

*Fjellstyre har tidligere fått kopi av jeger- og fiskarlagets skriv til NJFF vedrørende elg og småviltjakt og fordelingen av mellom innbygds og utabygds. Fjellstyret har tidligere og støttet lagets sitt syn på at all jakt bør sees sammen når tilgangen på jakt skal vurderes. Dette har vært grunnlaget for den avviksordning som har blitt praktisert i forholdet mellom utabygds og innbygds tilgang på elgjakt, og gitt innbygds fortrinnsrett til denne jakta.*

*Direktoratet for naturforvaltning har nå gitt ut "Retningslinjer til forskrift av 3. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning" som gir grunnlag for av jaktordningen i Vestre Slidre statsallmenning må revideres. Etter de nye retningslinjene er det ikke lenger anledning til å praktisere avviksordninger i forholdet mellom innbygds og utabygds jaktlag på statens grunn. Endringer bør være klare i god tid før jaktseasonen 2010.*

*I styremøte 19.05.09 ble situasjonen drøftet og det ble enighet om at laget skulle ta initiativ til å få i gang en revurdering av jaktordningene. Konkret vil vi foreslå at det nedsettes en arbeidsgruppe med to representanter for hhv fjellstyre og jeger- og fiskarlaget. Målsettingen er å gjennomgå nåværende ordning og komme med et forslag til endringer. Grunnlaget for disse endringene bør både være de nye retningslinjene, behov for fredning, bestandskontroll og mulig praktisk organisering i tillegg til allmennhetens tilgang. Fra jeger- og fiskarlaget ble Svein Erik Ski og Finn Hesselberg bedt om å være med i en eventuell gruppe. Det er ønskelig at fjelloppsynet kan være sekretariat og faglig støttespiller i arbeidet.*

### Konklusjon:

*Jeger- og fiskarlaget har tidligere vært høringsinstans i spørsmål om jaktordningene i allmenningen og tar nå på eget initiativ opp ønsket om en revurdering. Vi håper det kan bli nedsatt en utredningsgruppe som skissert over. Endringer i jaktordningene bør være klare i god tid før jaktseasonen 2010*

Bakgrunnen for saka er at DN sitt rundskriv opphevar tidlegare praksis med fortrinnsrett til elgjakt for innanbygdsbuande. Fram til i dag har vi i Vestre Slidre hatt 100 % fortrinnsrett for innanbygdsbuande. I framtida må ein fordele dette med 60 % til innanbygds og 40 % til utanbygds. Det er krav om ei plan om fordeling av jaktfelte. Alle våre felt er leigd bort tom 2009, og endringane får ikkje verknad før 2010.

For storviltjakta må vi ha ei plan om korleis vi oppfyller kravet om fordeling 60/40 over år. Dei fleste plassar er det ikkje mulig å oppfylle dette kravet på eit år. Om vi deler jaktfeltet Bukono i to felt, vil vi kunne ha oppfylle dette kvart år det er lyst ut jakt. Vi må også ha ei plan om rullering av kva felt som skal vera tilgjengeleg for utanbygds.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har akseptert ein redusert tilgang på lirypejakt for å kunne halde på 100 % fortrinnsrett for innanbygds til elgjakt. Sidan denne no fell bort, ynskjer dei no å kunne jakt lirype i ei lengre periode. Bestanden kan ikkje få auka avskyting og tilgangen til utanbygds må derfor bli redusert om fjellstyret skal oppfylle dette ynskjet. Etter fjellova kan ein ikkje forskjellsbehandle utanbygds utan hund og innanbygds. Det kan likevel setjast tak kor mange kort ein kan selja til utanbygds utan hund. Må vi avgrense utanbygds, må vi også ha på plass eit nytt system korleis vi skal plukke ut jegerar. Dette kan vera loddtraining, ansiennitet mm.

Fjellstyret vurderte om medlemmer og administrasjon var inhabile ved å vera medlem/styremedlem i Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Ingen vart funne å vera inhabile.

### **Vedtak:**

Fjellstyret ser eit slik utval som nytting når ein skal vurdere jaktordningane. Frå fjellstyret vil Olav Bråten og Kjell Strand deltaka. Vidare vil fjellstyret stille med fjelloppsyn Harald Ranum som sekretær for utvalet.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.6.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag